



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Pb. 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2012/136847-008

Dykkar referanse:

Vår dato:  
03.09.2014

### Uttale - Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Høyringsframlegg

Vi viser til dykkar brev dagsett 27.05.2014 og avtale om utsett uttalefrist til 05.09.2014.

Utviklinga av gode sentrumsområde og ein god senterstruktur er viktig for å oppnå transportpolitiske målsetjingar knytt til samordna areal- og transportplanlegging. Statens vegvesen vurderer at planframlegget som er på høyring kan verte ein god reiskap for å oppnå desse måla.

Statens vegvesen sine merknader til planframlegget gjeld kapittel 5 som omhandlar transport:

#### *Punkt 5.3 Retningslinjer:*

5.5: Det bør leggst til som ei overordna målsetjing at gjennomgangstrafikk i utgangspunktet ikkje bør leiast gjennom sentrum. Det er viktig å ivareta dette omsynet både der sentrum per i dag er skjerma for gjennomgangstrafikk og i dei tilfella der det vert etablert omkøyringsveg rundt sentrum.

5.5: Det bør ikkje vere eit generelt krav at all trafikk gjennom sentrum bør skje etter prinsippa om miljøprioritert gjennomkøyring (miljøgate). Dette er ei av fleire moglege løysingar. Det er ikkje alle stader det er ei eigna løysing. Miljøgater kan kome i konflikt med tilrettelegging for kollektivtrafikk. Dette vil særleg kunne vere eit problem i gater som skal vere hovudkorridor for buss. Miljøgateutforminga kan føre til redusert framkomelegheit. Mellom anna kan val av gatebelegg gå dårleg saman med intensiv bussdrift. Miljøgater kan også gje dårleg framkomelegheit for syklistar, særleg ved årsgntrafikk (ÅDT) over 8-10.000. Om miljøgate er eigna i eit konkret sentrumsområde bør avklarast i reguleringsplanlegginga.

5.6: Det bør ikkje vere ei generell føring at oppstillingsareal for bussar bør lokaliserast utanfor sentrum. Reguleringshaldeplassar i tilknytning til sentrumsområde kan vere viktig tilrettelegging for kollektivtrafikken. Særleg i rushtida kan for lang avstand mellom reguleringshaldeplass og busshaldeplass skape problem for effektiviteten og punktlegheta i

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

kollektivtrafikken. Kva som er den mest tenlege arealdisponeringa i kvart enkelt sentrumsområde, bør avklarast i reguleringsplanlegginga.

5.10: Den delen av punktet som lyder «*alternativt skal hovudtrasé følgje bilveg kor motoriserte køyretøy og sykkel er likestilte trafikantgrupper*» bør utgå frå planen. Vi forstår dette som at det er tenkt at hovudsykkelruter skal gå i køyrebane/-veg. Dette vil etter vårt syn i mange tilfelle ikkje vere i samsvar med planen sitt mål om god tilrettelegging for syklende. Vi gjer merksam på at *bilveg* ikkje er ei nemning i trafikkreglane eller i teiknereglane for arealplanar.

5.12: Andre setning bør lyde (tillegg i kursiv): «*Talet på parkeringsplassar, tidsavgrensing og parkeringsavgift skal tilpassast servicenivået på kollektivtilbodet og tilrettelegginga for sykling og gåing*».

5.14: Retningslinene for forvaltning er, slik vi forstår planen, meint å bidra til betre samordning av ulike forvaltningsnivå. Retningslinene knytt til transport gjeld m.a. fastsetjing av fartsgrense. Denne forvaltningsoppgåva er det allereie gjeve detaljerte føringar for i forskrifter og nasjonale retningsliner. Retningslina kan etter vår vurdering utgå frå planframlegget.

Veg- og transportavdelinga  
Med helsing

  
Hanne Hermanrud  
avdelingsdirektør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (e-post)